

PEER GYNT

Eit skodespel av Henrik Ibsen (1869)



TEIKNING: Hans Gude, 1878

I ungdommen er Peer Gynt ein villstyring med mykje energi og fantasi. Menn gjer narr av han, medan kvinnene lèt seg sjarmere. I eit bryllaup drikk Peer seg full, og det endar med at han bortfører brura Ingrid. I bryllaupet møter Peer også Solveig, ei snill og vakker jente som nettopp har flytta til bygda.

Neste dag angrar han på bruderovet, og han tenkjer på Solveig. Ingrid vil gjerne bli hos Peer, men han har jo gjort eit brotsverk, og som straff må han reise frå heimbygda.

På veg bort frå heimplassen møter han ei grønkledd og forførande kvinne som syner seg å vere dottera til Dovregubben, eit troll. Ho tek med Peer inn i Dovregubbens hall, der han nesten lèt seg lokke til å bli eit troll, han òg. I siste liten kjem han seg derifrå. Han får seinare vite at han er far til eit av Dovregubbens barnebarn, noko som skaper problem for Peer.

No dreg han heim til mor si, mor Aase. Ho er sjuk, og ho døyr medan Peer er hos henne, og han syner at han er glad i mor si når han sit tett ved henne i dødsstunda.

Etter at mor Aase er død, reiser Peer ut i verda. Han besøker Marokko, der han slår seg opp på handel med slavar og diamantar. I Egypt møter han Anitra, dotter av ein beduin høvding.

Han lever eit langt liv, opplever mykje spennande, og som gammal mann reiser han heim til Noreg. På heimvegen forliser skipet hans, og han mistar alt han eig i forliset. Gjennom livet, heilt fram til han er gammal, har han gjort handlingar som har vore i strid med god moral og etikk. Han har skadd og øydelagt livet til andre. Samvitet plagar han ikkje så mykje i starten, men stadig meir. Han er redd for at han er fortapt, og at han har selt sjela si til djevelen.

Då han som gammal mann kjem heim til bygda som han ein gong reiste frå, ventar Solveig framleis på han. Den store kjærleiken hennar reddar Peer. Han kjem heim til den trygge hamna si.

OM FORFATTAREN

Henrik Ibsen (1828–1906)

Henrik Ibsen var ein norsk forfatter og dramatikar. Han skreiv samfunnskritiske tekstar. I skodespela sine legg han vekt på problem i samfunnet som vi kan kjenne att også i dag. Han var tidleg ute med å skildre kvinner sin situasjon i ei tid då dei enno ikkje hadde fått stemmerett i Noreg. I tillegg fortel han om mellommenneskelege forhold med stor kunnskap. Vi får innsyn i gode og vonde krefter i menneskesinnet og korleis desse kreftene kan føre til lykke og ulykke.

Henrik Ibsen er enno i dag ein av dei mest kjende forfatarane i verda. Skodespela hans vert framførte på store og små scener internasjonalt.